

## MØTEINNKALLING

---

<b>Organ:</b>	SOGN REGIONRÅD	
<b>Møtestad:</b>	Quality Hotel Sogndal	
<b>Møtedato:</b>	13.12.2021	<b>Tid:</b> 13:00-16:30

---

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 908 30 284 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

## Dagsorden

1230-1300	Enkel servering
1300-1530	Oppmøte Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av protokoll frå møtet 29. oktober 2021 Handsaming av saker i Sogn regionråd
1530-1540	Pause
1540-1630	Desentralisert sjukepleiarutdanning – status og vidare arbeid v/ prosjektleiar Helge Ulvestad
1630	Møtet slutt.

## SAKLISTE

---

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
19/21	<b>20/1632-44</b> Handlingsplan for Sogn regionråd 2022
20/21	<b>21/7553-1</b> Handlingsplan 2022 System for styrka læring
21/21	<b>21/545-3</b> Masterplan for reisemålet Sogn 2021-2030
22/21	<b>21/5925-3</b> Budsjett 2022
23/21	<b>20/1894-14</b> Orienteringssaker

Sogndal, 7.12.2021

Hilmar Høl  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/1632**

---

Arkiv: **130**

**Saksnr.:** Utval  
**19/21** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**13.12.2021**

**Sak** 19/21

**Handlingsplan for Sogn regionråd 2022****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for 2022.

**Vedlegg:**

Handlingsplan for 2022 - framlegg

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

Det blir utarbeidde eigne handlingsplanar for samferdsle, prosjektet Sogn for alle og programmet System for styrka læring. Handlingsplanen for System for styrka læring er lagt fram i anna sak til dette møtet. Dei to andre handlingsplanane blir handsama i neste møte 28. januar 2022.

**Vurdering:**

Fleire av tiltaka er vidareføring og andre er i startgropa:

Blant dei prosjekta/tiltaka som blir vidareførde er:

- Felles profil og merkevare for Sogn
- Sogn for alle – integrering av innvandrarar
- Partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn
- Kompetansebehov i arbeidslivet – innspel til Kompetanseforum Vestland
- Desentralisert sjukepleiarutdanning
- System for styrka læring – regionalt program for barnehage- og skuleutvikling
- Påverknadsarbeid for prioriterte samferdsletiltak

Blant nye prosjekt/tiltak er:

- Stadutvikling
- Grøn næringsutvikling – forprosjekt
- Offentlege arbeidsplassar – forprosjekt
- Reiseliv – forprosjekt
- Teknologi og digitalisering – forprosjekt

I framlegg til handlingsplan er arbeidsform og samarbeidsform teke inn.

Det er høgt ambisjonsnivå i regionalplanen. Vi legg inn auka innsats på regionale fellesprosjekt og det strategiske påverknadsarbeidet. I budsjettamma som vart handsama 21. september ligg det inne kontigentauke på kr 0,5 mill.

Denne hausten handsamar kommunane sak om ytterlegare auke på kr 1 mill. Som skissert i møtet 29. oktober planlegg vi aktivitetane utifrå at kommunane aukar løyvingane, og at vi legg opp til ny handsaming med justert handlingsplan til neste rådsmøte dersom det er behov for å redusera aktivitetane.

Vedlagt følgjer framlegg til handlingsplan for 2022.

**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **21/7553**

---

Arkiv: **130**

**Saksnr.: Utval**  
**20/21 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**13.12.2021**

**Sak** 20/21

**Handlingsplan 2022 System for styrka læring****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for System for styrka læring for 2022.

**Vedlegg:**

Handlingsplan for System for styrka læring 2022

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

System for styrka læring er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling. Den overordna programplan gjeld for 2022-2033. Det overordna målet med programmet er: Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle. Dette er eit ambisiøst mål for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn.

Planen er eit direkte framhald av arbeidet med System for styrka læring, både når det gjeld samarbeidsformer og satsingsområde. Programplanen har fire prioriterte programområde:

- Fysisk og psykisk helse
- Tidleg innsats og språkutvikling
- Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap
- Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring

**Vurdering:**

Måloppnåing og gode resultat fordrar ein godt avklara og omforeint plan for kva som skal gjerast. Den årlege handlingsplan er hovudreiskapen i utviklingsarbeidet. Planen seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid.

Vedlagde handlingsplan for 2022 er handsama i programstyret 23. november og blir lagt fram for godkjenning for Sogn regionråd.

Det vil bli sett ned arbeidsgrupper for å utarbeide gode og aktuelle regionale fagnettverk. Vi tek med evalueringar som er gjennomførde i denne planperioden, og tek omsyn til kommunane sin tidsbruk til intern kompetanseutvikling og internt utviklingsarbeid.

Barnehage- og skuleeigar må drive eit aktivt forankringsarbeid i eigen organisasjon. Det vil mellom anna seie å drøfta tiltak og satsingar lokalt, forankre det regionale arbeidet i egne planar og utviklingsmål.

**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **21/545**

---

Arkiv: **U64**

**Saksnr.: Utval**  
**21/21 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**13.12.2021**

**Sak** 21/21

**Masterplan for reisemålet Sogn 2021-2030****Tilråding:**

Sogn regionråd sluttar seg til ferdig masterplan for Sogn som reisemål – del 1 Strategi og del 2 Strategiske innsatsområde.

**Vedlegg:**

Masterplan for reisemålet Sogn - Reiselivsstrategi

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

Masterplan for reisemålet Sogn er det overordna styringsdokumentet for arbeidet med å utvikla reisemålet. Planen har tre delar: Strategi, strategiske innsatsområde og tiltaksplanar.

Planen er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag frå Sogn regionråd. Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samstundes. Planprosessen har følgd tre steg: Forstudie, strategiutvikling og frå ord til handling, med oppstart av analysearbeidet i 2017 og vedtak av ferdig plan i 2021. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med rettleiaren til Innovasjon Noreg som òg har vore med å finansiert arbeidet, i tillegg til at regionrådet har bidrege med finansiering til forprosjektet og hovudprosjektet totalt kr 300 000. Visit Sognefjord har orientert rådet undervegs i prosjektet.

Dei overordna føringane frå denne delen av planen skal nyttast inn i neste fase, som skal ta planen frå ord til handling.

Realisering av planen er avhengig av oppfølging frå kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og Visit Sognefjord. Det skal utarbeidast konkrete tiltaksplanar, der dei involverte aktørane forpliktar seg gjennom partnerskapsavtalar.

Mål, strategiar og tiltak må tilpassast dei einskilde stadene i Sogn, og det bør lagast lokale strategiske tiltaksplanar for reiselivet per stad med bakgrunn i masterplanen og lokale utfordringar og moglegheiter.

Styringsgruppa for masterplanen skal tene som styringsgruppe også for dette arbeidet, og det skal etablerast ressurs- og arbeidsgrupper etter behov for å sikre brei forankring og deltaking frå aktørane i reiselivet.

**Vurdering:**

Regionalplanen for Sogn har reiseliv som eit av ti satsingsområde. Sogn regionråd si rolle er å forankre langsiktige mål og strategiar for reiselivsutviklinga. Vi har som strategi å støtte opp om Visit Sognefjord som verkøy for reisemålsutvikling i regionen.

Masterplanen er ambisiøs. Om vi skal nå måla i masterplanen og fremja Sognefjorden som reisemål, bør den regionale og kommunale innsatsen samordnast i sterkare grad enn til no. Fellesprosjekt i næringsnettverket har dette som resultatmål i forprosjektet som er planlagt starta opp i 2022.

For kommunane betyr delar av masterplanen ei vesentleg endring i måten å jobbe på og omfanget av arbeidet samanlikna med tidlegare. Innhaldet i planen byggjer på forståing av at reiselivsutvikling er lokalsamfunnsutvikling. Planen går på tvers av sektorar og aktørgrupper. Dette vil krevje langt tettare samhandling for å lukkast med måla i planen.

**Sogn regionråd**

Saksh.: **Karina Nerland**  
 Arkivsak: **21/5925**

Arkiv: **150**

**Saksnr.: Utval**  
**14/21 Sogn regionråd**  
**22/21 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**21.09.2021**  
**13.12.2021**

**Sak** 22/21

**Budsjett 2022****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2022.

**Vedlegg:**

Framlegg til budsjett 2022

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

Sogn regionråd vedtok budsjetttramma for 2022 i møtet 21.9.2021.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 13 893 500 som er auke på kr 1,2 mill i høve vedteke budsjett 2021. Eksterne inntekter er kr 5 808 000, kontingent kr 5 435 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 938 000. I tillegg kjem refusjonar frå kommunane for GIS-løysing og kommunenett (første kvartal 2022).

Kontigenten dekker utgifter til sekretariatet, møteutgifter for rådet, funksjonen for rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule og delar av prosjektleiar for Sogn for alle. Med kontigentauken samla kr 1,5 mill for 2022 vil rådet starta opp og gjennomføre regionale fellesprosjekt- og utviklingsarbeid og sikre auka ressursar til strategisk arbeid. Det vert vist til eige sak til møtet om handlingsplanen for 2022.

**Vurdering:**

Dei to siste åra (2020 og 2021) har ikkje regionrådet motteke regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen. Vi har i staden brukt fondsmidlar til å finansiera tiltak og prosjekt. Dette har gitt reduserte fondsmidlar og for å sikre handlingsrom til regionalt arbeid vedtok rådet 21. september kontigentauke kr 0,5 mill. i sak om budsjetttramme for 2022.

På møtet i Flåm vart oppfølging av regionalplanen drøfta og rådmannsgruppa utarbeidde felles saksutgreiing om ytterlegare kr 1 mill. kontigentauke for 2022. Dette for å innfri ambisjonsnivået i regionalplanen. Kommunane handsamar kontigentauken i samband med budsjettarbeidet som går no. Kontigentauken vil gå til regionalt utviklingsarbeid og strategisk arbeid.



**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/1894**

---

Arkiv: **062**

**Saksnr.:** Utval  
**23/21** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**13.12.2021**

**Sak** 23/21

**Orienteringssaker****Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen – notat om omdanning etter ny kommunelov (vedlegg)
6. Desentralisert sjukepleiarutdanning v/prosjektleiar Helge Ulvestad

**Skriv og meldingar**

Programstyret System for styrka læring – møtereferat 23.11.2021

## **Møtereferat programstyret for System for styrka læring**

**Møtenummer:** 3 /2021

**Møtedato:** Tysdag 23.november 2021

**Tid:** Kl. 12:00 -13:30

**Stad:** Dalavegen 2, 1. etg (ppt) Sogndal

**Deltakarar:** Rådmann: Jarle Skartun, kommunalsjef oppvekst: Odd Einar Fimreite, Rektor: Ingrid Steine Bortne, PPT: Vibeke Fusche Moe, Utdanningsforbundet: Steinar Øydvin, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane: Holger Aasen (Teams, sak 14), Sogn regionråd: dagleg leiar Karina Nerland og programleiar Inger Marie Evjestad (referentar) Forfall: Ordførar: Roy Egil Stadheim, HVL: Vegard Fusche Moe, ass. styrar: Linda Midtun, Stopped Vest: Janne Lisen Ringdal Strøm

### **Sak 12/21 – Opning**

Innkalling og sakliste vart godkjende.

Referat frå møtet 5. mai 2021 vart godkjendt.

### **Sak 13/21 – Orienteringssaker**

Ingrid Steine Bortne frå Aurland er tilsett som ny programleiar for barnehage – og skuleutvikling i System for styrka læring

Informasjon om arbeidet med System for styrka læring og ny plan frå 01.01.22:

- Arbeid med ny Programplan – innhald, involvering, forankring
- Arbeid med involvering av innhald i Programplan 2022 – 2030 (leiarsamling i Flåm i 2020, digital samling i mai for styrarar og rektorar, programstyret og i kommunale møte)
- Leiarsamling i oktober med leiarrolla og sjølvregulært læring (HVL)
- Tverrfagleg digital fagdag med tema psykisk helse
- Digitale fagsamlingar for styrarane, rektorane og kompetanseregionen
- Digital entreprenørskapsmesse
- Fagnettverk ikt, norsk, engelsk og matematikk og evalueringsnettverk
- Reduserte nettverk pga. corona
- Evalueringar om retning vidare

I møtet kom det fram at:

- Samhandling med ulike partar har fungert bra og det har etter forholda vore høgt aktivitetsnivå.
- Politisk forankring er viktig.
- Det er avgjerande at vi er einige om kva vi gjer felles og kva som skjer kommunevis.
- Vi treng å styrka fagnettverka, særleg på barnesteget.

### **Sak 14/21 – Handlingsplanen 2022**

Forslag til handlingsplan vart lagd fram (vedlegg):

- Samkøyring av dei to løpa for kompetanseutvikling for alle og kompetanseutvikling innan prioriterte einingar i kommunane

- Ta dei nasjonale føringane inn i arbeidet, slik programplanen vidare legg opp til
- Sette ned arbeidsgrupper – forbetre og fornye fagnettverka blir viktig arbeid framover
- Skulane har skåra svakare på medverknad over tid – dette har vore tema i 2021 og blir sentralt tema vidare
- Korleis få meirverdi av UE og Vitemeir og meir kreativitet i barnehage og skule? Vitemeir kan bidra til fagnettverka.
- Vidareføra at hvl bidreg på leiarnettverka
- Kva er nettverk – deling, eller kurs?
- Fleirspråklegheit – jobbe med ungar frå andre land – hamnar på spesialundervisning fordi dei manglar god norskopplæring. Aktuelt tema i fagnettverk.

Handlingsplanen går til regionrådet for godkjenning.

#### **Sak 15/21 – Entreprenørskap**

Entreprenørskapsmessa 2022 – 26. april i Luster

- Messa blir i Luster. Ho var planlagt der i 2020, men måtte avlysast pga. pandemi. I 2021 vart messa gjennomført digitalt. Messa i 2022 vil ta inn dei positive erfaringane frå den digitale messa i samarbeid med Ungt Entreprenørskap og Luster kommune

#### **Sak 16/21 – Arbeidsgruppe for vidare arbeid med fagnettverk**

Fagnettverk grunnskule og fagnettverk barnehage

- Setje ned to arbeidsgrupper for å forbetre fagnettverka og vurdere innhald og organisering. Dei som bør vera med er koordinator for nettverka, leiarar for styrar- og rektornettverk, leiarar og tillitsvald - 4-5 i kvar gruppe. Programleiar føl opp og kontaktar aktuelle deltakarar slik at arbeidet kan starta før jul.

#### **Sak 17/21- Ymse**

Utdanningsforbundet kontaktar Kompetanseregion Sogn om spørsmålet om representasjon når Dekom og rekom- midlar blir fordelt regionalt.

#### **Møteplan 2022:**

11. mai 2022 og 9. november 2022

Inger Marie vart takka for god innsats og ønskt lukke til som pensjonist.